



Volda Og Ørsta Reinhaldsverk Iks
Torvmyrane 29
6160 Hovdebygda

Vår referanse
20/6257 23/11565

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Hege Leite

Dato
07.06.2023

Volda og Ørsta Reinhaldsverk - Tilsynsrapport 2023

Objektnamn: Volda og Ørsta Reinhaldsverk Gnr.: 53 Bnr.: 212, 213

Adresse: Torvmyrane 29

Poststad: 6160 Hovdebygda

Tilsynsdato: 11.05.23

Følgjande deltok ved tilsynet:

For eigar og brukar: Hans Peter Eidseflot, Øyvind Amdam, Lone Arnesen, Roger Langøy og Jon Andre Viddal

For brannvesenet: Thomas Winther Leira og Hege Leite

Tilsynet vart utført i medhald av Lov av 14. juni 2002 nr.20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 13 2. ledd og Forskrift av 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 18.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert i høve til krava i forskrift om brannforebygging og forskrift av 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø og sikkerheitsarbeid i verksemdar (internkontrollføreskrifta).

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemd/brukar ved objektet arbeider systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenet vart det lagt vekt på å gjere ei heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke at brann bryt ut, og konsekvensar av brann.

Tilsynet omfattar mellom anna undersøking av at:

- brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann.
- brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for rednings- og sløkkeinnsats.
- internkontrollen i verksemda er føremålstenleg for å nå mål på sikkerheitsområdet
- spesifiserte aktivitetar vert fylgde slik som forklart.

Tilsynet er ikkje ein tilstandsrapport for objektet.

Omfang

Tilsynet var starta med gjennomgang av internkontrollrutinar, og brannteknisk dokumentasjon, samt intervju for å verifisere at krav er oppfylt. Deretter vart det teke ein stikkprøvekontroll på objektet.

Definisjonar

Avvik: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga.
Merknad: er eit forhold som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerhet, og som ikkje omfattast av definisjonen for avvik.
Kommentar: utfyllande forklaring av avvik/funn som beskriv dei faktiske forhold ved objektet.

AVVIK

Følgjande avvik vart konstantert under tilsynet:

Avvik 1:

Dokumentasjonen må kompletterast og settast i system.

Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging §§ 10 og 13.

Kommentar:

Eigar kjøpte i fjor inn nytt, elektronisk internkontrollsystem, og det vert no jobba med å få inn all dokumentasjonen i dette. Eksisterande dokumentasjonen vert evaluert før den vert lagt inn. I samband med dette arbeidet må det takast ein gjennomgang av dokumentasjonen som er utarbeida i samband med nybygg, og evt. bygningsmessige endringar på eksisterande bygg, for å sjå til at den dokumentasjonen som finst dokumenterer at bygga er i samsvar med gjeldande regelverk, dvs. byggeforskrift 1985 eller nyare.

Det må undersøkast om stadar der arbeidstakarar kan verte utsett for fare ved svikt i den kunstige belysninga har naudbelysning av tilstrekkeleg styrke. Flukt- og rømmingsvegar, samt naudutgangar skal vere utstyr med naudbelysning tilstrekkeleg til å dekke behovet i tilfelle svikt i den ordinære belysninga. Det vart registrert at det enkelte stadar i bygga er etterlysande markeringsskilt. Det må undersøkast om det er inngått avtale med kvalifisert personell på kontroll av desse.

For å sikre at alle får tilstrekkeleg med brannopplæring og -øvingar må det lagast ein plan for dette. Det vart halde sløkkeøving 01.12.20, og brannøving 04.03.21.

Oppsummering/avsluttande møte

Eigar og brukar sine representantar syner ei bevisst haldning til det brannførebyggande arbeidet.

I etterkant av tilsynet har dokumentasjon på at sløkkeutstyret er kontrollert av kvalifisert føretak vorte framlagt. Sist kontroll av brannalarmanlegget var i 2021. Det er i etterkant av tilsynet bestilt ny kontroll og avtalen med kvalifisert føretak om kontroll av brannalarmanlegget inkluderer no også ledesystem.

Tilbakemelding

Tilsynsrapporten er eit førehandsvarsel jf. lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 16, og part i saka vert med dette gjeven rett til å uttale seg før endeleg vedtak/pålegg vert fatta.

Med visning til brann- og eksplosjonsvernlova § 33, 1. ledd ber vi om ei skriftleg tilbakemelding med framdriftsplan som viser korleis og når dei påpeika avvika vil verte retta. Fristen for tilbakemeldinga/framdriftsplanen er ein månad frå dags dato, og skal sendast til brannvesenet.

Med helsing

Thomas Winther Leira
brannsjef

Hege Leite
branningeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Andre mottakarar
Retura Søre Sunnmøre As Torvmyrane 29 6160 Hovdebygda